

Jørn Øyre hagen Sunde med temakveld i kyrkja.

23.02.2016



Det vert interessant å høyra Jørn Øyrhagen Sunde på fredag.

I regi av soknerådet i Uskedalen skal uskedøl og professor i rettshistorie, Jørn Øyre hagen Sunde, halda føredraget «Dei ti bodorda – Gud og menneske i periodar med stor samfunnsendringar». Tema for føredraget er kva rolle dei ti bordorda har spelt i norsk historie. Særleg vil Sunde ta for seg dei ti boda i høve til dei store samfunnsendringane på 1100-talet og 1600-talet, og som kanskje kjem på 2000-talet.

Det er like vanskeleg å tenkja religion ut av historia som filosofi, økonomi eller klima. Årsaka er at religion er eit forståingsverktøy for å plassera mennesket i samfunn med andre. Dermed er religion òg eit verktøy til å avgjera kva som er rett og gal handling i høve til andre menneske. Og dette er eit av dei evige samfunnsspørsmåla som må diskuterast og finnast svar på igjen og igjen.

I norsk historie har kristendomen vore leverandør av førestillingar om rett og galt i omlag 1000 år. Både i kristninga sin fyrste fase, og i perioden etter reformasjonen, spelte dei ti bordorda ei heilt grunnleggjande rolle for å omdanna samfunnet. Eit viktig poeng i Sunde sitt føredrag er at den norske staten framleis kviler på desse hendingane. Han vil òg spørja kva rolle dei ti bodorda kan koma til å spela i dei samfunnsendringane som ein står ovanfor i vår eiga samtid.

Jørn Øyre hagen Sunde er kjend som ein framifrå formidlar, og han har fått fleire prisar for dette. Han har vore å høyre i ulike samanhengar i Kvinnherad og Uskedalen tidlegare, men han er også mykje nytta både nasjonalt og internasjonalt. Såleis er han rett ofte riksmedia. Det er med stor forventning vi ser fram til temakvelden i Uskedal kyrkje fredag 4.mars kl.19. I tillegg til føredragsøkta vert det også tid for samtale og å stilla spørsmål. Det heile vert ramma inn med musikkinnslag og ei enkel økt med kyrkjekaffi. Det vert også høve til å gje ei gåve til det gode arbeidet som Kirkens Bymisjon gjer.

Vel møtt til ei interessann kveldstund i kyrkja!

Uskedal sokneråd.

Nett: Thor Inge Døssland.